

BIOLLER

Ei utstilling om
litteratur der
homofile, bifile og
transpersonar har
hovudrolla.



Om forfattarane

Kristin Fridtun er norrønfilolog og forfattar. Ho har mellom anna skrive sakprosa-bøkene *Kjønn og ukjønn* (2015) og *Homoflokar* (2018).

Silje Hernæs Linhart er førsteamanuensis i norsk litteratur ved Universitetet i Sørøst-Noreg i Vestfold. Ho disputerte i 2016 med avhandlinga «*A wild stream of eyes*» : *Affect and Identity in Male-to-Female Transgender Narratives for Children and Young Adults*.

Per Esben Myren-Svelstad er førsteamanuensis i norsk litteratur og litteraturredaktikk ved NTNU i Trondheim. Han disputerte i 2017 med avhandlinga *Den opne løyndomen. Homografiske lesingar i Åsmund Sveens forfattarskap*.

Per Magnus F. Sandsmark er kulturhistorikar og direktør i Nynorsk kultursentrum.



Vinje-senteret

Katalog til utstillinga «Broller», produsert av Vinje-senteret for diktning og journalistikk.
© Nynorsk kultursentrum 2019

Formgivar og illustratør: Sigbjørn Lilleeng

Kurator: Per Magnus F. Sandsmark

Utstillingsgruppe: Kristian W. Rantala og Siri Beate Gjerde

Ansvarleg redaktør: Per Magnus F. Sandsmark

Nynorsk kultursentrum

Indrehovdevegen 176

6160 Hovdebygda

E-post: post@nynorsk.no

Nett: www.nynorsk.no

Utstillinga er produsert med støtte frå Nasjonalbiblioteket i Bokåret 2019.



Kulturdepartementet



Birolla i hovudrolla

Forteljingane vi høyrer formar korleis vi ser verda. Forteljingane vi fortel om oss sjølve formar identiteten vår. Det er ikkje alle forteljingar som er like gode, og det er ikkje alle forteljingar som er like relevante for alle, men dei har alle verdi i seg sjølve. Det er eit sjølvforsterkande demokratisk problem når gode og relevante forteljarar og forteljingar blir skjulte som resultat av sosiale stigma eller tabu. Forteljingane vi fortel oss sjølve formar sjølvmedvitet; dei formar også samfunnets sjølvidentitet og vilkår for vidare utvikling.

Denne katalogen er blitt til fordi fleire fagfolk i og utanfor Vinje-senteret har samarbeidd om dette formidlings- og dokumentasjonsprosjektet. Vinje-senteret for diktning og journalistikk er eit formidlings- og forskingssenter i Vinje i Telemark. Vinje-senteret utforskar skriftkultur, journalistikk og skjønnlitterær prosa i mange former. Vi ved Vinje-senteret er stolte av å presentere ei litt annleis utstilling som løfter fram dei forteljarane og forteljingane som våger å gje seg sjølv meir enn ei birolle: dette er forteljinga om birolla i hovudrolla.

Kristian W. Rantala
dagleg leiar Vinje-senteret

Innhaldsliste

Trua på førebilete. Homopedagogisk barnelitteratur	s. 4
Transidentitet i barne- og ungdomsbøker	s. 6
Den store kjærleiken og det vanlege samlivet	s. 8
Med skeive briller. Nylesing av eldre tekster, og har det eit poeng?	s. 10
Høyr kva me fortel! Debatt- og dokumentarlitteratur	s. 12
Skeiv journalistikk	s. 14

Trua på førebilete

Homopedagogisk barnelitteratur.

Det er feil å seie at litteratur med kjærleik mellom ungar av same kjønn, eller ungar med foreldre av same kjønn, er meir pedagogisk enn annan barnelitteratur. Likevel trekkjer både forleggjarar, bibliotekarar, litteraturformidlarar og ofte også forfattarane sjølve fram behovet for skeive førebilete når dei presenterer ein ny tittel der ei jente er forelska i ei jente, eller ein gut i ein gut.

Som for vaksne lever litteraturen for ungar i eit spenn mellom gjenkjenning og fantasi. Barnelitteraturen med homofile og lesbiske hovud- eller bipersonar er ikkje noko unntak. Her finst fantastiske og absurde univers der mangfald blir feira, og heilt realistiske klasserom, sommarferiar og keisame søndagar.

På trettitalet dukkar homoseksuelle romanfigurar opp i fleire romanar for vaksne. I tråd med det rådande synet på psykoanalyse blei homofili knytt til narsissisme og ødipuskomplekset. Desse birollene i romanane etablerer seg ikkje, hamnar på utsida og døyr unge. Homofili blir forklart og åtvare mot. Medan tidlegare litteratur for vaksne ofte synte homofile som noko annleis og avvikande, er synet at det er noko vanleg og sjølvst, i mykje av den nyare barne- og ungdomslitteraturen. I Anne-Cath Vestlys Monrad tenker (2002) har ein av ungane to fedrar, utan at nokon spør kvifor, og i verdsmeisterskapen i forelsking i Verdas mest forelska par (Rune Belsvik 2001) deltek to menn, utan at det blir problematisert.

Sånn er det også oftare og oftare for skeive hovudpersonar. Problemet er at dei er forelska, eller at dei ikkje veit heilt kva dei vil, som for alle andre, ikkje at dei er forelska i nokon av det same kjønn.

Som for vaksenlitteratur går det også an å lese homofile erfaringar inn i barnelitteratur der dette ikkje er eksplisitt. I fleire barnebøker er det vener av same kjønn som bur i lag og gjer alt anna i lag, som til dømes Jakob og Neikob og Unni og Gunni. Forholda er ikkje spesielt romantiske, men dei er kanskje med på å normalisere kven som kan bu i lag eller ikkje.

Per Magnus F. Sandmark
kulturhistorikar og direktør i Nynorsk kultursentrum

Frå Hans Sande: *Forelska i Feisbukk*. Cappelen Damm 2014

«Feisbukk fekk navnet sitt fordi han feis tre gonger rett etter at han vart fødd. Og Smørbukk fordi han vart fødd i ei eng av smørblomar. Heile dagen spring dei omkring saman med dei andre kjea og stangar og leikar seg.

Så ein dag er dei nede og drikk i Storelva. Dei speglar seg i vatnet og får auge på to svære bukkar med langt skjegg og krullehorn! Kva i alle dagar har skjedd? Kan dei vere like gode vener no?»

Lesetips

Rune Belsvik:
Verdas mest forelska par.
Cappelen 2001

Jenny Jordahl:
Hannemone og Hulda.
Cappelen Damm 2017

Linda Klakken:
Dumme, dumme hjarte.
Det Norske Samlaget 2017

Hans Sande:
Forelska i Feisbukk.
Cappelen Damm 2014



Transidentitet i barne- og ungdomsbøker

Da eg avslutta doktoravhandlinga mi om transidentitetar i barne- og ungdomslitteratur i 2015, var allereie noko av det eg hadde skrive, begynt å bli utdatert. Rett nok brukte eg ein del år på arbeidet, men det at eg kunne merke utviklinga undervegs, illustrerer likevel kor enormt raskt dette feltet har endra seg dei siste åra. Nå har det gått fire år, og eg har inntrykk av at utviklinga berre har fortsett å akselerere sidan.

Om eg skal samanfatte i eit par linjer det eg fann ut den gongen, var det enkelt sagt at det ikkje er mogleg å seie så mykje einskapleg om korleis denne tematikken vart framstilt i litteratur. Heldigvis, vil eg hevde! Noko var likt i dei ulike forteljingane, men det var først og fremst eit stort mangfald. Transidentitetar kan vere til dels særskilte erfaringar og opplevingar, og dette kjem godt fram i tekstane. Det synest som om dette berre har blitt enda meir forsterka sidan. Akkurat som kunnskapsnivået om trans har betra seg mykje i samfunnet, har òg transtematikk i litteraturen blitt meir synleg og mangfaldig. Sjølv om det framleis er eit marginalt tema, aukar volumet av titlar stadig. Talet på titlar for barn og ungdom av norske forfattarar er framleis forsvinnande lite, men internasjonalt begynner det å bli ei viss mengde.

Nå kan det høyrast ut som det eg skriv fram, er litt av ei solskinshistorie. Heilt så enkelt er det dessverre ikkje. Mange av karakterane i tekstane eg las, kjente skam over kjønnsidentiteten sin. Mobbing og vald var òg sentralt i fleire av tekstane. Eg brukte mykje tid på å undersøke korleis det bøkene skildra, stilte seg i den verkelege verda. Tala tyder på at det ikkje berre er i fiksjonen transpersonar ofte har det vanskeleg. Såleis er det samsvar mellom korleis tematikken blir framstilt i litteraturen, og korleis det er i røynda.

Litteratur er ikkje verkelegheit, men det er heller ikkje tilfeldig eller likesælt korleis eit viktig og aktuelt tema blir framstilt i fiksjonen. Mange teoretikarar innanfor såkalla skeiv litteratur har vore opptekne av å understreke at måten vi snakkar om noko på, er med på å forme korleis samfunnet tenkjer om det. Litteraturen er såleis ikkje berre ein «spegel» av verda, men òg ein aktiv medskapar. Når ein skriv om transtematikk, har ein på mange måtar allereie posisjonert seg i eit teoretisk og politisk landskap gjennom dei omgrepa ein vel å bruke. Dette stiller høge krav til kunnskap hos både forfattarar og dei som arbeider med litteratur, og er ekstra vanskeleg fordi delar av terminologien òg er i stadig endring og utvikling.

Litteratur for barn og ungdom har ei særskild historie og tradisjon som gjer desse spørsmåla meir kompliserte. Heilt sidan ein først begynte å gje ut litteratur spesielt for barn, på 1700-talet, har denne litteraturen ofte hatt eit oppdragande siktemål. Dei siste tiåra har det derfor vore eit særskilt poeng for mange som arbeider med barne- og ungdomslitteratur, å understreke at litteratur for barn først og fremst er kunst, ikkje eit middel til å lære born kva som er rett og gale. Så på

den eine sida står målet om at ein skal skrive om viktige tema på ein seriøs, opplyst og ansvarleg måte. På den andre står målet om at barnelitteraturen skal vere fri frå den gammaldagse pedagogiske tenkinga.

Når det er sagt, synest eg i det store og heile at både forfattarar og forleggjarar i dag stort sett er flinke til å kombinere desse omsyna. I tillegg kan forfattarane nå i større grad enn tidlegare forvente at lesarane har i alle fall ein viss kjennskap til tematikken i utgangspunktet. Derfor er eg optimistisk på vegner av den skeive, norske barne- og ungdomslitteraturen. Eg trur at vi i tillegg til dei gode bøkene som allereie finst, vil få eit større, og enda meir avansert og variert utval av bøker framover. Så er det berre opp til oss alle å finne fram til dei, synleggjere dei og formidle dei!

Silje Hernæs Linhart
førsteamanuensis i norsk litteratur

Lesetips

Line Baugstø: *Vi skulle vært løver*. Aschehoug 2018

Tor Fretheim: *Alltid Andrea*. Cappelen Damm 2010

Harald Nortun: *Eksperimentet*. Det Norske Samlaget 2015

Ingunn Aamodt: *En søster i skapet*. Damm 2005



**Frå Tor Fretheim: *Alltid Andrea*.
Cappelen Damm 2010.**

Jeg sitter foran speilet.
Jeg ser inn i de blå øynene mine.
Det er ikke sant det jeg ser.
Jeg ser bare et speilbilde.
Mitt eget speilbilde.
Et vrengebilde.

Den store kjærleiken og det vanlege samlivet

Undis tenkjer på eksen sin. Håkon blir slått når Arve ikkje får det som han vil. Hanne slit på arbeid når sambuaren held på å døy. Jenny reiser Europa rundt og ligg med dei ho har lyst til. Vilde blir i lag med ein manipulerande kjærast.

Samlivet, eller mangelen på dette, er eit sentralt tema i samtidslitteraturen, og det har kome fleire norske titlar der hovudpersonane er i lag med nokon av det same kjønnet. Fleire av desse er også bifile, utan at det blir særleg tematisert eller problematisert.

Midt i det normaliserte blir av og til det skeive kommentert, men ofte berre over eit avsnitt eller to. Då er det gjerne nokon utanfrå som kommenterer legninga, eller det er ein referanse til skeiv kultur. Plutseleg går hovudrolla på homobar, ikkje på bar, eller han legg merke til at radioen spelar ein låt av ein ope skeiv artist.

Nokre bøker tek opp i seg det normoverskridande som pregar delar av det skeive miljøet. Det er opne forhold og rask mobiloppsjekking med eksplisitte bilete. Dette er ikkje framandt i mange heterofile miljø heller, men har kanskje ein større plass i litteratur med homofilt samliv.

Bøkene blir ofte lesne og presenterte som skeiv litteratur, sjølv om dei handlar om forelsking, samliv, familievald eller seksualitet, som mange andre bøker.

Per Magnus F. Sandsmark
kulturhistorikar og direktør i Nynorsk kultursentrum



Frå Anne Holt: *Død joker*. Cappelen 2000

«– Det sies at hun var den rypa før, hvisket Karl Sommarøy høyt. – Er det sant? Og at hun egentlig er ... sånn skeiv? Lesbisk, altså? Hun ser ikke akkurat sånn ut, men ...

Billy T. brettet avisa sammen. Så lente han seg over bordet og tok et hardt tak i skjortebrystet på kollegaen. Ansiktet hans var bare tjue centimeter fra den andre da han freste: – Hanne Wilhelmsen er den beste her på huset. Hører du det? Det hun ikke kan om politiarbeid er det ingen som behøver å bry seg med. Hun vet forskjell på rett og galt, hun kan mer jus enn de aller fleste politijuristene her, hun jobber sånn cirka tre ganger så mye som alle andre, inkludert deg, og hun er dessuten svært vakker. Akkurat nå er hun overarbeidet og har en samboer som kan dø hvert øyeblikk, og da må du ...

Han slo den ledige hånden i bordet så cornflakesen skvatt. – ... faen meg tåle at hun ikke har verdens lengste lunte akkurat nå.»

Lesetips

Åsmund Husabø Eikenes:
Håkon. Det Norske Samlaget 2019

Anne Holt:
Død joker. Cappelen 2000

Laila Sognnæs:
Kongle hjerte. Oktober forlag 2019

Gunnhild Øyehaug:
Undis Brekke. Kolon forlag 2014



Med skeive briller

Nylesing av eldre tekster, og har det eit poeng?

Alle lesarar fortolkar tekster ut frå eigne erfaringar. Meninga er noko som blir skapt i hovudet til lesaren. Viss hovudet sit på ein kropp som har vore utestengd frå det gode selskapet, er det ikkje rart om lesingane også ber preg av dette. Å lesa med skeive briller gjer mange av oss heile tida.

Tek ein på seg desse brillene når ein les, kan to ting skje. Ein kan lesa paranoid, og sjå etter teikn på homofobi i teksta. Eller ein kan lesa reparerande og finne klangbotn for homofile erfaringar i tekster som ved fyrste augnekast ikkje har noko med det å gjera. I båe tilfella spør ein: «Har denne teksta noko å seia meg?» Men der ein i det fyrste tilfellet fryktar at teksta uttrykkjer stigmatisering og hets, vil ein i det andre kjærleg utforske korleis ho kan seia noko om livet ein lever.

Sumaren 2004 vart det offentleg kjent at Alf Prøysen hadde hatt kjensler for menn. Gudmund Vindland, forfattaren av homoklassikarane Villskudd og Stjerneskudd, skreiv: «Alf Prøysen var bifil. I 'Slipsteinsvæilsen' har det stått hele tida for alle som vil se det: Je sjøl var en blomme så raudlett og gla ... Å, blommer, å jinter, je veit å de får! Når ljaen blir kvass nok og brynet blir med, så kjæm dom i mårå og meie dekk ned ...».

Slike lesingar var kontroversielle. No når rabalderet har lagt seg femten år etter, er det meir akseptert å leite etter skeive erfaringar i Prøysens forfattarskap. I 2014 song den ope homofile skodespelaren Terje Strømdahl «Trassvisa hennes Tora» under den NRK-sende jubileumskonserteren for hedmarksdiktaren. Den nye bruken av tekstene til Prøysen viser korleis reparerande lesingar gjev nye generasjonar høve til å tenkje: «Dette handlar også om meg».

Per Esben Myren-Svelstad
førsteamanuensis i norsk litteratur og litteraturdidaktikk, NTNU

Lesetips

Magnhild Haalke: *Allis sønn*. Aschehoug 1935

Åsmund Sveen: *Svartjord*. Gyldendal 1937

Tarjei Vesaas: *Det store spelet*. Olaf Norlis forlag 1934


Frå Tarjei Vesaas: *Det store spelet*. Olaf Norlis forlag 1934

«Han fann Olav Bringa.

Dei var på lag like store og var litt redde for einannan, redde for å tapa – så prøvde dei ikkje styrken, men vart vener. Av dei andre vart dei straks hata fordi dei ikkje sleppte nokon inn som tredje-mann. Det var søtt å bli hata litt når ein kjende seg sterk.

Olav Bringa var funnen.

Ein hadde funni noko som ein ikkje hadde meir namn for enn for alt det andre ein grunna på. Det var hjå Olav Bringa, og ein hadde alltid lengta etter det. Før skulen byrja, hadde ein ikkje visst om Olav Bringa sjølv eingong. Så hadde dei stått framfor einannan i eit friminutt og sett det stille spørjande og rådvile andletet av den andre, og kjent venskapen i det andletet for alltid. Det likna ikkje noko av det ein kjende før. Det var ikkje hjå Botolv eller dei andre heime, men det var hjå Olav Bringa, i det leitande augnekastet hans, på tunnvangen hans og ved munnen. Aldri skulle ein svikte han, tenkte ein, og nokoslag fór gjennom bringa og var godt. Kva var det for noko?»



Høyr kva me fortel!

Debatt- og dokumentarlitteratur

Før 1957 fanst det ingen norske fagtekster der homoseksuelle personar fortalde om seg sjølve i eg-form. Derimot hadde me ei mengd artiklar der lækjarar refererte frå samtalar dei hadde hatt med homoseksuelle. Eit tidleg døme på denne teksttypen er artikkelen «Et tilfælde af homosexualitet hos en kvinde» frå 1896, der overlækjar Carl Looft ved Dr. Rosenbergs asyl i Bergen greier ut om ein kvinneleg pasient: «Denne drift til samleie med andre kvinder er uimodstaaelig, erklærer hun, 'hun vil heller dø, end undvære kvindfolk' .»

Sakprosaboka *Vi som føler annerledes* (1957) braut med denne tradisjonen. Boka kom ut på Aschehoug og var skriven av musikaren og homoaktivisten Øivind Eckhoff (1916–2001) under pseudonymet Finn Grodal. I føreordet grunngjev han prosjektet: Eckhoff tykkjer det er viktig at «problemene omkring homoseksualiteten for en gangs skyld blir belyst også fra den homoseksuelles egen synsvinkel», og han meiner at det trengst «en bok om emnet som er tilgjengelig for et bredt publikum».

Eckhoff ville opplysa ålmenta – på sine eigne premissar. Det innebar til dømes at han tok nokre steg bort frå det medisinske omgrepsapparatet og nytta nye nemningar, til dømes homofil, eit ord som flytter merksemda frå sex (jf. homoseksuell) til forelsking og kjærleik (jf. gresk philos 'ven, elsker'). Frå slutten av 1970-åra har homofil vore eit mykje vanlegare ord i norsk enn homoseksuell, og ei av årsakene til det kan vera at den kjende aktivisten Kim Friele jamt nytta homofil i dei mange debattinnlegga, informasjonshefta og sakprosabøkene ho skreiv eller redigerte. Ein annan folkeopplysar av dette slaget er sexolog og debattant Esben Esther Pirelli Benestad. I mange av tekstene sine har hen nytta ordet transtalent, eit ord som målber at transkjønn er noko positivt, ein verdfull ressurs – ikkje noko sjukt og farleg.

Sakprosaen har såleis vore, og er framleis, ein stad der skeive personar kan drøfta skeive emne frå sin eigen synsstad og med sitt eige språk. Desse tekstene er ei naudsynt motvekt til omgrepsbruken og framstillingane i faglitteraturen elles.

Kristin Fridtun
forfatter

Lesetips
Øivind Eckhoff:
Vi som føler annerledes.
Aschehoug 1957

Kristin Fridtun:
Homoflokar.
Det Norske Samlaget 2018

Karen-Christine Friele:
Troll skal temmes.
Scanbok forlag 1990

Arnfinn Nordbø:
Betre død enn homofil?
Det Norske Samlaget 2009



Frå Kristin Fridtun: *Homoflokar*. Det Norske Samlaget 2018

«Då eg fann skriveboka mi i naturfag frå niandeklasse, fór nyfikna gjennom meg. Var det ikkje i niande me hadde eit stort prosjekt om pubertet og sex og sånt? Jau, eit stykke ut i boka fann eg overskrifta Seksualitet og samliv og side på side med stikkord og utgreiingar som eg no skumma gjennom. Halvveges ut i boken Oppgaver kvapp eg til. Som svar på oppgåve 4 hadde Kristin (14 år) skrive «Argumentene til de homofile er blant annet (...)».

«De homofile.» Hadde eg verkeleg skrive det? Eg, som hadde vore forelska i haugevis av gutar på barneskulen, men som deretter – på ungdomsskulen – berre var opphengd i jenter og kvinner, den eine etter den andre, og eg visste vel då eg svara på oppgåve 4, at eg var ein av «dei homofile»?

Skeiv journalistikk

Når nyhenda om deg og ditt liv ikkje når fram i aviser og kringkasting, treng du eigne publikasjonar for å nå fram. Mange grupper i samfunnet har nytta dette som metode. Også den skeive journalistikken blei i stor grad etablert i eigne medium.

Dei første skeive tidsskrifta i Noreg var interne maskinskrivne medlemsblad. Det Norske Forbundet av 1948 gav ut Klubbnytt (1953–1958) og Oss Imellom (1958–1965). I tillegg til medlemsinformasjon var det lagt vekt på utanriksjournalistikk og utdrag frå skeiv skjønnlitteratur. I 1965, allereie sju år før sex mellom menn blei lovleg, blei OSS. Norsk homofilt tidsskrift etablert med Kim Friele som redaktør. Det var det første skeive tidsskriftet som var til sals. Seinare kom Fritt Fram (1974–1990) og Løvetann (1977–2003). Begge avisene hadde både kultur og aktualitet, men det siste var nok meir vitskapleg i forma. I dag er Blikk og Gaysir dei to største media med skeiv føremålsparagraf og hovudmålgruppe.

På slutten av 1990-talet organiserte fleire homofile og lesbiske journalistar seg i Skeive Journalister (SJ). Møteplassen skulle vere trygg for alle skeive journalistar, og også dei som ikkje var opne, var velkomne. Journalistane som møttest, diskuterte erfaringar som skeive journalistar, aktuelle saker frå dei skeive miljøa og rolla til dei skeive medietilboda.

Medan journalistikk om skeive i den nasjonale pressa lenge handla om kriminalitet, psykologi og helse, har journalistikken om desse temaa og miljøa i dei eigne publikasjonane vore breiare. Kome-ut-av-skapet-reportasjar og -intervju har frå 1990-talet vore ein relativt stor sjanger i riks- og lokalpresse.

Per Magnus F. Sandmark
direktør i Nynorsk kultursentrum

Frå Intervju med Anders Gåsvatn i «Rikshomsen: Når alle veit det» i Rune Wikstøl og Stein Fredriksen: *Det skeive mangfald. Eit blikk på homo-Noreg*. Det Norske Samlaget 1993.

«No går eg rundt som eit slags levande homsebarometer. Dersom han ein dag er trist eller nedfor, kan det bli tolka som at det er trist å vere homse. Er han glad og munter, ja, da er det muntert å vere homse. Alt han gjer, blir knytta til det å vere homse.

– Ingen av delane er jo rett. Eg kan nok ha eit trist ansikt, og eg likar ikkje å sjå bilete av meg sjølv i avisene der eg ser trist ut. Er eg først trist har det andre årsaker enn at eg er homse. Dersom ein skaphomse ser meg ein slik dag, må han tru det er veldig trist å vere homse. Med det er det jo ikkje»

(Gåsvatn stod fram som homofil i oktober 1992, medan han var leiar av ungdomsorganisasjonen til Kristeleg Folkeparti.)

Lesetips

Rune Wikstøl og Stein Fredriksen:
Det skeive mangfald. Eit blikk på homo-Noreg.
Det Norske Samlaget 1993

Fritt Fram, avis for Det Norske Forbundet av 1948. (1974– 1990)

Blikk, magasin for homofile, lesbiske, bifle, interkjønn,
transpersoner og queer, 1991–

Gaysir, norsk nettmedium og nettsamfunn, 2000–
Løvetann, tidsskrift for Arbeidsgrupper for homofil frigjøring (1977–2003)





Nynorsk kultursentrum